

HORDALAND SKIKRETS TING

Idrettens hus - Brann stadion

25. mai 2019



NORGES
SKIFORBUND

.....
HORDALAND
SKIKRETS
.....

PROGRAM OG SAKSLISTE

Innholdsfortegnelse

1.	PROGRAM SKIKRETSENS TING	3
2.	SAKSLISTE	4
3.	SAKENES BEHANDLING	5
4.	STYRETS ÅRSBERETNING	9
5.	LANGRENNSKOMITEENS BERETNING	16
6.	ALPINTKOMITEENS BERETNING	38
7.	HOPP- OG KOMBINERTKOMITEENS BERETNING	43
8.	LOVENDRING HORDALAND SKIKRETS	46
9.	HANDLINGSPLAN	49
10.	REKNESKAP	60

1. Program skikretsens ting

10.00 – 12.00: Fagmøter komité

12.00 – 13.00: Lunsj – På Idrettens hus

13.00 – 15.00: Skikrets ting

2. Saksliste

1. GODKJENNING AV FREMMØTTE REPRESENTANTAR
2. GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
3. VAL AV:
 - a. Møteleiar
 - b. Referent
 - c. 2 representantar til å underteikne protokollen
4. ÅRSBERETNINGAR STYRE OG KOMITEAR
5. REKNESKAP
6. ENDRING LOV HORDALAND SKIKRETS
7. HANDLINGSPLAN
8. INNKOMNE FORSLAG
9. VAL

3. Sakenes behandling

SAK 1: GODKJENNING AV FREMMØTTE REPRESENTANTAR

Vedtak:

**Representantanes fullmakter, kontrollert av skikretsstyret, godkjennes.
... stemmeberettigede representanter.**

SAK 2: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:

A. Innkallingen godkjennes.

**B. Sakslisten med de forslag som er mottatt innen fristen
10.05.2019 godkjennes som fremlagt.**

SAK 3: VAL AV:

A. Møteleier

B. Referent

Bernt Rusten

C. 2 representanter til å underteikne protokollen

SAK 4: ÅRSBERETNING STYRE OG KOMITEAR 2018/2019:

Sjå egne vedlegg 4-7

Vedtak:

Årsberetningar for perioden 2017 - 2019 godkjennes.

SAK 5. REKNESKAP

Sjå vedlegg 10

Revisjonsuttale rekneskapsåret 2017:

HORDALAND SKIKRETS

Org.nr 983638945

Revisjon av rekneskapet til Hordaland Skikrets 2017

Underteikna har revidert rekneskapet til Hordaland Skikrets for rekneskapsåret 2017, med utgangspunkt i tilsendt informasjon. Rekneskapet består av balanse og resultatrekneskap for 2017 i tillegg til resultatoversikt for undergruppene. Styret og dagleg leiar i Hordaland Skikrets er ansvarleg for årsrekneskapet, og at rekneskapet byggjer på rekneskapslova sine reglar om god rekneskapsskikk.

Årsresultatet for Hordaland Skikrets 2017 syner eit positivt resultat med kr 104.541,74 før finanspostar.

Under revisjonen er det gjort kontroll av eit utval dokumentasjon som reiserekningar, bankavstemming, prosjektrekneskap, kunde- og leverandørreskontro samt kontroll av diverse bilag. Ein bør syta for at alle leverer inn reiseoppgjersskjema snarast mogleg etter at reisa er gjennomført, for å på kostnaden på rett periode/år. Ein bør også vurdere å spesifisere smørjevogna i balansen i rekneskapet.

Resultatet for 2017 viser god kostnadskontroll.

Eg rår til at årsmøtet godkjenner årsrekneskapet for Hordaland Skikrets og undergruppene for rekneskapsåret 2017.

Voss 25. mai 2018

Steinar Røthe

Revisjonsuttale rekneskapsåret 2018:

HORDALAND SKIKRETS

Org.nr 983638945

Revisjon av rekneskapet til Hordaland Skikrets 2018

Underteikna har revidert rekneskapet til Hordaland Skikrets for rekneskapsåret 2018, med utgangspunkt i tilsendt informasjon. Rekneskapet består av balanse og resultatrekneskap for 2018 i tillegg til resultatoversikt for undergrupper og diverse arrangement. Styret og dagleg leiar i Hordaland Skikrets er ansvarleg for årsrekneskapet, og at rekneskapet byggjer på rekneskapslova sine reglar om god rekneskapsskikk.

Årsresultatet for Hordaland Skikrets 2018 syner eit negativt resultat med

- kr 39.999,36 før finanspostar.

Under revisjonen er det gjort kontroll av eit utval dokumentasjon, bankavstemming, prosjektrekneskap, kunde- og leverandørreskontro samt kontroll av diverse bilag.

Grunnen til at Hordaland Skikrets leverer eit negativt resultat for 2018, er eit gammalt uteståande krav frå NSF med kr.145.607 som belastar årets rekneskap. Dette kravet kom uventa på både administrasjon og styre og har difor heller ikkje vore teke omsyn til i budsjetteringa for 2018. Saka er særskilt handsama i styret. Det samla kravet frå NSF er etter dette sletta.

Det er gjennomgåande god kostnadskontroll i Hordaland Skikrets, og dei fleste undergruppene og dei ulike arrangementa viser positive resultat.

Eg rår til at årsmøtet godkjenner årsrekneskapet for Hordaland Skikrets og undergruppene for rekneskapsåret 2018.

Voss 10. mai 2019

Steinar Røthe

Vedtak:

Rekneskapet for 2017 og 2018 godkjennes.

SAK 6. ENDRING LOV HORDALAND SKIKRETS

Sjå vedlegg 8

Etter ein gjennomgang, gjort av skiforbundet, på skikretsane sine lovar, så vart hordaland skikrets gjort merksam på at vår lov strider med NIFs lov. Dette omhandla vår særeigne valordning der roller vert tildelt på både kretsting og vårmøter og lovtekst om representasjon på kretsting. Dette måtte difor endrast for å tilfredstille NIF s lov.

Den delen av hordaland skikrets sin lov som er endra er merka med raudt og den delen av tidlegare lov som er fjerna er merka med gjennomstrek. Sjå endringane under vedlegg 8.

Vedtak:

Endringar i vedlagt lovtekst vedtas som ny lov for Hordaland skikrets gjeldande frå 25.05.2019

SAK 7. HANDLINGSPLAN

Sjå vedlegg 9

Vedtak:

Handlingsplanen godkjent som fremlagt. Dette dokumentet er ei rettesnor for arbeidet til styret og komiteane i lag med klubbane for perioden 2019 - 2021.

SAK 8. INNKOMNE FORSLAG

SAK 9. VALG
Valgkomiteens innstilling på kandidater til skikretsens styre og komiteer.

Valgkomite:

Skikretsstyret m/vararepresentantar:

Alpintkomiteen (AK)

Langrennskomiteen (LK)

Hopp og kombinertkomiteen (HKK)

Kontaktperson for freestyle som inngår i styret i skikretsen (FK)

Revisor

Vedtak:

Foreslåtte medlem i styre og komiteer for Hordaland skikrets er godkjent.

4. Styrets årsberetning

Vedlegg 4

BERETNING HOVUDSTYRET 2017 - 2019

Visjon og verdier

Hordaland Skikrets bygger sin aktivitet på Norges Skiforbunds visjon og verdier. Disse er:

Visjon:

NSFs visjon er *“mange, gode og glade skiløpere”*

Verdier:

NSFs verdier er: *“Organisasjonen skal preges av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd. All skiaktivitet skal bygge på grunnverdier som glede, felleskap, helse og ærlighet”.*

Hordaland Skikrets sine hovudmål er:

- *Å skape skigleda for born og unge i Hordaland.*
- *Å tilby kompetanseheving for klubbane.*
- *Å vera ein støttefunksjon og fungere som eit bindeledd for klubbane i Hordaland for at desse skal kunne drive sin aktivitet på ein best mogleg måte.*
- *Å leggje til rette for våre skiløparar som ynskjer å konkurrere på et høgt nivå.*
- *Hordaland skikrets skal nytte sin posisjon til å påverke og fremje saker til det beste for skikretsen.*

2017-2018

Styret:

I perioden 2017-2018 har hovudstyrets samansetning vore slik:

Funksjon	Navn	Lag
Leiar	Johan Børsheim	Ulvik IL
Nestleiar	Fredrik Hald	IL Fana
Styremedlem	Kristin Lemme	Voss freestyleklubb
Styremedlem	Mathilde H. Lassen	Fana IL
Leiar alpint	Bård Seterås	Fana IL
Leiar H/K	Magne Sørestrand	Eldar IL
Leiar LK	Trond Slethaug	Fana IL
Leiar FK	Olve Austefjord	Bergen freestyleklubb

Styrearbeid

Det er gjennomført 5 styremøter og 1 arbeidsutvalmøte i perioden. Det har vore 2 telefonmøter og 4 fysiske møter anten i Bergen eller på Voss. På dei 2 arbeidsutvalsmøtene har kun medlemma i styret som ikkje er leiarar i sine komitear møtt. Administrasjonssjef har deltatt på styremøter/AU-møter.

Nestleiar Fredrik var på ekstraordinært Skiting våren 2017. Kretsleiar Johan Børsheim var med på NSF sitt haustmøte på Gardermoen i oktober 2017. I tillegg har Johan og nestleiar

Fredrik delteke på kretsleiarmøte i NSF, Johan på Vang under NM på ski 2018 og Fredrik i Drammen i samband med skiflygingsrennet i Vikersund 2018..

Av viktige saker som er fremja så har Hordaland skikrets i lag med Sogn & Fjordane skikrins og Nord-Trøndelag skikrets fremja eit framlegg til Skitinget; der ein ynskjer at eventuell samanslåing av skikretsar skal vera frivillig.

Administrasjonen

Administrasjonssjef har ansvar for alle fellesarrangement, fellesreiser, administrasjon av terminlister, informasjon til TD'er og klubbar, tilrettelegging av styremøter og komitémøter, trenerkurs etc.

Økonomi og sponsorarbeid

Skikretsen har sunn økonomi og god økonomistyring. For rekneskapsåret 2017 gjekk skikretsen totalt med eit plussresultat på ca 100000,- Det har gjeve styret noko handlingsrom for tiltak. Difor er det bla satt av midlar til både klubb utvikling og anleggsarbeid i budsjettet for 2018. Inntektene kjem i stor grad gjennom overføringar frå skiforbund, idrettsforbund, bingopenger og momskompensasjon basert på omsetningstal. I tillegg er kretsens inntektskilde startande løparar i terminfesta renn, som går rett til respektive komite. Det er difor viktig med god deltaking på våre kretsrenn for at komiteane skal kunne tilby god aktivitet og tiltak gjennom skikretsen.

Hovudstyret har tidlegare år lagt ned ein innsats for å styrke økonomien med eit eige sponsorutval. Det har ikkje ført til særlege inntekter, men har vore ein god byggestein for slikt arbeid i vår skikrets. Sponsorarbeidet har det siste året vore i stor grad hos komiteane. Dette har gjeve inntekter til prosjekter for både langrenn og hopp/kombinert.

Arrangement

Hordaland skikrets har vore arrangør og medarrangør på fleire ulike arrangement i inneverande periode. Her kan nemnast:

- Haustcampen 2017 med ca 90 deltakarar mellom 11 og 15 år. Alle greiner.
- Sumarcamp 2017 i Jondal med cirka 45 deltakarar mellom 11 og 15 år. Langrenn
- Frivilligseminar på Bømoen i samband med Haustcampen. I år var Åge Skinstad (tidl langrennssjef NSF) og Atle Rolstadaas (NSF utviklingsavdelingen) blant føredragshaldarane.
- Delarrangør på 2 Young attacking Vikings arrangement i Eikedalen og Myrkdalen.
- Tilrettelegging av basisanlegg i Myrkdalen i samarbeid med Eldar IL og Myrkdalen hotel.

Komiteene i Hordaland skikrets har også vært med å arrangere mange bredde og rekrutteringsarrangement i perioden.

Utdanning

I perioden har følgande kurs vore arrangert:

- Trener II kurs alpint
- TD II -kurs alpint
- Trener I langrenn

Informasjon, markedsføring og kommunikasjon

Styret og administrasjonens viktigaste informasjonsplattformer er heimeside, e-post og sosiale medier. I arbeidet til skistyret, så er det viktig at klubbane og viktige aktørar som kommunar, fylke og andre idrettsorganisasjonar brukar skikretsen til kommunikasjon og samarbeid om viktige skisaker for vårt fylke.

Gjennom godt arbeid dei siste åra, så har skikretsen fått ein god kommunikasjon med skiforbundet og ressursar der. Med meir aktiv tilnærming til den gode kompetansen som er tilgjengeleg i vår eigen organisasjon, så har skikretsen dratt nytte av både anleggskompetanse, klubbutviklingskompetanse og arrangementskompetanse, som har vore tilstades gjennom:

- Prosjektet «1-2-3 ski i Bergen» eit prosjekt for å fremme utvikling av skianlegg i Bergen i samarbeid med NSF og skiklubbane i Bergen. Her har og er Marit Gjerland og Brit Baldishol i NSF viktige samarbeidspartnarar.
- Young attacking Vikings: Her har Jo Mork, Eivind Gjeraker og Erik Aas Andersen vore med å bidratt til innhald i Eikedalen og vore positive bidragsytarar i rekrutteringsarbeidet til alpintporten.
- Basisanlegg og arrangement: Her har Erik Aas Andersen vore med på både opning av Nye Drevtjørn og skapa eit basisanlegg for aktivitet der, samt at han var med i Myrkdalen og utforma eit basisanlegg for skiaktivitet også der. Skipresident Erik Røste og anleggsrådgjevar Marit Gjerland var med på opninga av Nye Drevtjørn.

Alle desse bidraga har vore positive for vår skikrets. Og me håpar at me kan utvikle vår skikrets og tilbod med slik inspirasjon og kunnskap også i framtida.

Me har tidlegare opplevd at det har vore noko lav forståelse for skikretsens rolle. I lys av dette så har det vore ein god vinter for skikretsen å verte kjent med klubbane og klubbane med kretsen gjennom våre klubbkveldar denne vinteren. I frå januar har skikretsen med klubbvegleiar Vilde Katrine Vethe, Bernt Rusten og fleire frå styret besøkt klubbane i både Kvam, Voss, Bergen, Odda og i Kvinnherad. Det har vore inspirerande kveldar å treffe dyktige friviljuge og bli kjent med aktivitetane dei tilbyr og utfordringane dei har.

2018-2019

Styret:

I perioden 2018-2019 har hovedstyrets samansetning vore slik:

Funksjon	Navn	Lag
Leiar	Johan Børsheim	Ulvik IL
Nestleiar	Fredrik Hald	IL Fana
Styremedlem	Kristin Lemme	Voss freestyleklubb
Styremedlem	Eivind Maurset Blindheim	Bulken IL
Leiar alpint	Bård Seterås	Fana IL
Leiar H/K	Magne Sørestrand	Eldar IL
Leiar LK	Trond Slethaug	Fana IL
Leiar FK	Olve Austefjord	Bergen freestyleklubb

Styrearbeid

Det er gjennomført 3 styremøter og 3 arbeidsutvalgmøte i perioden. Det har vore 6 møter anten i Bergen eller på Voss. På dei 3 arbeidsutvalgmøtene har kun medlemma i styret som ikkje er leiarar i sine komitear møtt. Administrasjonssjef har deltatt på styremøter/AU-møter.

Vårmøte i skikretsen vart arrangert i Norheimsund på Framnes VGS 26. mai 2018. Her hadde hopp- og kombinertkomiteen og langrennskomiteen også fagmøter.

9. oktober 2018 arrangerte hordaland skikrets haustmøte på Voss. Dette har me vanlegvis lagt til vår storsamling på Bømoen i september. Det er difor fyrste gong at me har hatt eit eige haustmøte med fagmøter for skikretsen på nokre år, utanom haustcampen på nokre år.

Leiar Johan Børsheim, Nestleiar Fredrik Hald, Toril Lunde Børsheim, Ulvik IL og Kim Alexandra Krohn Runnane, IL Korlevoll - Odda var delegat for hordaland skikrets under Skitinget i Stavanger juni 2018. Kretsleiar Johan Børsheim var med på NSF sitt haustmøte på Helsefyr i oktober 2018. Eivind Maurset Blindheim deltok på kretsleiararmøte i Åre under VM i alpint 2019.

Fredrik Hald vart vald ut til å vere med i etisk komite, nedsatt på Skitinget 2018. Komiteen presenterte foreløpig arbeid på skiforbundets haustmøte på Helsefyr i oktober 2018. Denne komiteen fortset sitt arbeid framover.

Av viktige saker for perioden, så nemner me:

Hordaland skikrets sitt framlegg til vedtak på Skitinget i Stavanger 2018, i lag med Sogn og fjordane skikrins og Nord Trøndelag skikrets vart tatt til følgje. Difor skal ei eventuell samanslåing av skikretsar gjerast etter samtykke frå aktuelle skikretsar, og ikkje leggst under skistyrets myndighet.

Hordaland skikrets ynskjer å vere ein skikrets som står for tilbod til alle. Det er difor veldig gledeleg at me har fått eit fast treningstilbod i Bergen for personar med funksjonshemmingar. Parapigging – Bergen er i utgangspunktet eit tilbod for sittande kjelkepiggarar, men me har eit ynskje om at det skal vere eit springbrett for aktivitet i faste former og utan særskilte krav til kva funksjonshemming ein har. Det er faste treningar med trenar kvar veke. Samstundes har

me siste året laga fleire arrangement med både klubb og utøvarrekruttering som mål. Dette tilbodet er etablert med god hjelp frå skiforbundets integreringsavdeling, olympiatoppen vest, idrettsforbundet, hordaland idrettskrets og dyktige trenarar.

Prosjektet 1-2-3 Ski i Bergen har vore eit viktig prosjekt som kretsleiar Johan Børsheim og administrasjonssjef Bernt Rusten har vore involvert i gjennom møtevirksomhet med styringsgruppa, prosjektgruppa og Bergen kommune gjennom perioden. Dette prosjektet har hatt god framdrift og ein ser resultat av målretta godt arbeid i leiinga av prosjektet og i god samhandling mellom dei ulike aktørane.

Administrasjonen

Administrasjonssjef har ansvar for alle fellesarrangement, fellesreiser på nasjonale renn, administrasjon av terminlister, informasjon til TD'er og klubbar, tilrettelegging av styremøter og komitémøter, trenerkurs, og treningssamlingar i skikretsens regi.

Økonomi

For rekneskapsåret 2018 vart det eit underskot på 39000,- Bakgrunnen for minustalet i 2018, dreier seg om uteståande postar hos NSF, som ikkje har vore registrert i våre rekneskap for perioden 2008 – 2011. Hordaland skikrets vart informert om dei uteståande postane i 2014, men grunna manglande oppfølging rundt saka etter at skikretsen uttalte seg om innhaldet i krava og ei forklaring på kvifor dei stod uoppgjorte hos NSF, så vart saka lagt vekk frå NSF si side. Den nye økonomisjefen til NSF tok opp att desse postane, som framleis stod uoppgjorte i rekneskapen deira, hausten 2018. Etter ein gjennomgang frå begge partar, så vart ein del postar fråfalle med dokumentasjon, medan andre krav hadde manglande dokumentasjon til å kunne avvisast. Etter dette vart det ei avslutning på saka, der hordaland skikrets betalte kr 145607,- i resterande krav me ikkje hadde dokumentasjon til å kunne avvise. Det er difor rydda opp i eit gammalt og uavklart økonomisk forhold, som nå er avklart for framtida.

Inntektene til skikretsen kjem i stor grad frå overføringar frå Norges skiforbund, Norges idrettsforbund, bingoentreprenøravtale og momskompensasjon basert på omsetningstal. I tillegg er greinene si hovudinntektskilde deltakarkontigent per startande i kretsrenn. Dette dannar grunnlaget for komiteane sin økonomi.

Hovudstyret har for 2018 prioritert klubb utviklingstiltak i bruk av midlar som er tilgjengelege utover drift av administrasjon og komitear. Dette gjennom både besøk og klubb utviklingstiltak i alle regionar og økonomisk støtte til utvalde rekrutteringsarrangement og rekrutteringsrenn i perioden.

Arrangement

Hordaland skikrets har vore arrangør og medarrangør på fleire ulike arrangement i inneverande periode. Her kan nevast:

- Sumarcamp 2018 i Jondal med cirka 45 deltakarar mellom 11 og 15 år. Langrenn
- Haustcampen 2018 med ca 80 deltakarar mellom 11 og 15 år. Alle greiner.
- Medarrangør på NSF Trenerutviklingsseminar i Bergen september 2018.

6 rekrutteringsarrangement var terminfesta i perioden 20. februar – 10. mars. Her var skikretsen involvert i planlegging og gjennomføring. Tre av desse vart avlyst grunna vertilhøve og snøsmelting i perioden. Dei tre arrangementa som vart gjennomført var; Young

attacking Vikings – alpintrekruttrenn Bavallen, Inspirasjonskurs – skileik på Bulken med Marianne Myklebust - NSF og opent rekruttarrangement med Bigair konkurranse i Bavallen.

Komiteene i Hordaland skikrets er engasjerte med samarbeidsarrangement både mellom klubbane i hordaland og naboskikretsar. Her kan me nemne alpintkomiteen med sitt samarbeid med Sogn og fjordane skikrins innanfor både treningssamling, arrangering av skirenn og samarbeid rundt nasjonale renn, som hovudlandsrennet. Hopp og kombinertkomiteen har etablert ein Vestlandscup i hopp og kombinert og samkøyrer sine terminlister rundt dette.

Utdanning

I perioden har følgande kurs vore arrangert:

- Trener I kurs freestyle
- TD kurs i langrenn
- Trener I langrenn
- Grasrottrenerkurs langrenn
- Inspirasjonskurs skileik langrenn

Informasjon, markedsføring og kommunikasjon

Ein viktig arena for informasjon i skikretsen er heimeside og link med aktuelle saker på eigen facebookside. Arrangementsinformasjon og andre oppdateringar rundt våre aktivitetar vert også kommunisert gjennom mailutveksling på kvart enkelt arrangement eller for aktuelle interessantar rundt ei sak eller eit arrangement. Det som er viktig er at alle dei som skal ha informasjon og skal vere med på ein informasjonsutveksling vert inkludert i denne. Difor er det viktig at informasjon rundt kvart arrangement eller tiltak vert muleg å finne på vår heimeside. For å få ut vesentleg informasjon på vår heimeside, så er eit godt samspel mellom klubbar, komitear og administrasjonen viktig for at dette skal fungere godt.

Hordaland skikrets sine to viktigaste møteplassar for informasjon og kommunikasjon med klubbane er vårmøte og haustmøte. I 2018 hadde me eit eige haustmøte der skigreinene hadde fagmøter på Voss. Vårmøte i 2018 hadde me i Norheimsund. På desse møtene vert det lagt opp til informasjon frå komiteane og innspel på arbeidet og prioriteringar framover.

Skikretsen får også nytta desse høva til å få informert klubbane om aktuelle saker frå skiforbundet og om vårt arbeid i skikretsen. På vårmøte i 2018 hadde me besøk av Atle Rolstadaas i NSF, som informerte om arbeidet med skipolitisk dokument og kva arbeid som er lagt til rette for at klubbar og skikretsar betre kan hjelpe seg sjølve med utviklingsarbeid.

Vinteren 2018 var representantar frå skikretsen ute å besøkte skiklubbane i hordaland. Me opplevde dette som sær inspirerende og betra kommunikasjonen og forståelsen mellom skikretsen og klubbane. Å etablere slike møteplassar ute i dei ulike regionane i skikretsen, vil styret også prioritere framover.

Høgdepunkt i perioden 2017 - 2019

I perioden sidan sist kretsting så har hordaland skikrets opplevd nokre høgdepunkt både innan arbeid som er lagt ned for skisporten, arrangement og prestasjonar. Me nemner her nokre

høgdepunkt i styrets beretning og viser ellers til komiteane sine eigne beretningar for perioden.

Vår første individuelle Verdsmeister i langrenn

Sjur Røthe, Voss IL gjorde under VM på ski i nordiske greiner i Seefeld ein historisk prestasjon, når han som fyrste hordalandsløpar vann individuelt VM gull i langrenn. Sjur Røthe tok gull på 30 km skiathlon og vann også gull på stafetten 4 x 10 km for Norge. Han avslutta VM med bronse på 50 km friteknikk. Han vart nummer 3 samanlagt i Verdcupen for sesongen 2018 -19. Sak om Sjur Røthe sitt VM på ski:

<https://www.skiforbundet.no/hordaland/aktuelle-saker/2019/3/sjur-med-eit-vm-for-historiebokene/>

Randoneeutøvarar i verdstoppen

Hordaland skikrets har 2 av 4 utøvarar på landslaget i randonee. Lars Erik Skjervheim Voss IL, er den mest røynde og har vore på landslaget i ei årrekke. Før sesongen byta Hans Inge Klette, Viljar IL si langrennssatsing med satsing på randonee. Dette førde til Noregs fyrste medalje i eit verdsmeisterskap, med si sylvmedalje på sprinten i U23 klassen under VM i Villars i Sveits 2019. Han vart nummer 5. totalt i same VM i sprint. Sjå sak om VM-sprinten:

<https://www.skiforbundet.no/randonee/aktuelle-saker/2019/3/tidenes-vm-sprint-for-norge/>

Lars Erik Skjervheim vann i vinter sin 6. NM tittel og vart også nummer 6. i den prestisjunge lagkonkurransen under randonee-VM i Villars i Sveits 2019.

Dugnadsarbeid og nasjonale renn i hopp og kombinert

Hopp og kombinertmiljøet i skikretsen har, i lag med frivillige, organisert ein dugnadsgjeng som har lagt ned eit formidabelt arbeid med rehabilitering og utvikling av hoppanlegg i fylket gjennom dei siste to åra. På tvert av laga har det vorte lagt ned arbeid på mange anlegg som har vorte oppgraderte, medan enkelte anlegg har vorte nyopna. Det siste arbeidet som vart gjort i løpet av 2018-19 sesongen var nyopning av Bavallen hoppanlegg med nytt isspor. Dette markerte slutten på eit arbeid på anlegget som først omfatta reparasjonar etter naturskade og så altså oppgradering til ein moderne standard.

Det nye anlegget opna akkurat i tide til at klubbane på Voss kunne ta i mot eit nasjonalt meisterskap med NM junior i hopp og kombinert. Det nye anlegget mottok lovord, og det vart også tildelt NM hopp normalbakke, men dette måtte flyttast grunna manglande snø mot slutten av sesongen. Sjå sak om NM junior: <https://www.skiforbundet.no/hordaland/aktuelle-saker/2019/2/vel-gjennomfort-nm-hopp-og-kombinert-junior/>

5. Langrennskomiteens beretning

Vedlegg 5

ÅRSMELDING LANGRENNSKOMITEEN SESONG 2017/2018

Langrennskomiteen har hatt følgende sammensetning siden juni 2017:

- Trond Slethaug, Fana IL (leder) – valgt for 2 år i 2017
- Harald Tveito, Voss IL (styremedlem) – valgt for 2 år i 2016
- Emil Hosøy, Osterøy IL (ungdomsrepresentant) – valgt for 2 år i 2016
- Tina Bay, IL Korlevoll-Odda (styremedlem) – valgt for 2 år i 2017
- Trond Lefdal, Fana IL (styremedlem) – valgt for 2 år i 2017

1. Styrearbeid

Styret har hatt 3 møter siden forrige vårmøte/kretsting. Ellers har vi hatt korrespondanse på e-mail og telefonkonferanse for uttak til ungdomsstafetten. Harald Tveito har LK sin rolle i styringsgruppa i Team Veidekke Vest.

Leder er med i styret i skikretsen og har deltatt på styremøtene i skikretsen.

2. Kurs og Samlinger

Kurs

- Trener I kurs høsten 2017 og vinteren 2018 i henholdsvis Rosendal og på Korlevoll. 6 deltagere.
- Trener I kurs fullført som ble påbegynt Bergen høsten 2016. 12 deltagere.
- Frivilligseminar på haustcampen med Åge Skinstad. Høst 2017.

Kretssamlinger

- Kretssamling Osterøy 15-19 år
- Sumarcamp Jondal 12 – 15 år – juni
- Stordsamling 13-15 år – september
- Haustcamp Voss 11-15 år - september
- Jentesamling på Fanahytten i oktober/november

Eldre junior/senior med eget samlingsopplegg. Sjå kretslag.

3. Kretscup/skirenn

Kretscupen ble gjennomført for sjette år på rad, Det har vært en stabil snøvinter og alle arrangement har blitt gjennomført som planlagt. Årets finale var Tour de Hardanger i Røldal

og på Korlevoll. Det var forholdsvis stabil deltaking på årets arrangement, men litt fallande deltaking etter dei innleiande renna i desember/januar.

Det er framleis ikkje ein eigen sponsor for kretscupen. Forhåpentlegvis vil me kunne skaffe ein samarbeidspartner til denne til neste sesong. Det hadde vore viktig for langrennskomiteen for å kunne tilby meir aktivitet for langrennsmiljøet i skikretsen.

Resultat frå årets kretscup finn de på heimesida til Hordaland Skikrets:

<https://www.skiforbundet.no/hordaland/aktuelle-saker/2018/3/flott-finale-i-kretscupen-under-tour-de-hardanger/>

4. Nasjonale renn

LK er fornøyd med gjennomføring av fellesreisene og opplegget rundt de nasjonale rennene. Klubbane stiller opp med positive og engasjerte foreldre og friviljuge som gjer at utøverene får gode opplevelser på dei nasjonale renna. Utan dei friviljuge kunne me ikkje ha organisert dette slik me gjer i dag. Så ei stor takk til klubbane og dei friviljuge som engasjerer seg i fellesskapet Hordaland skikrets.

Det er alltid områder som skikretsen og langrennskomiteen kan utvikle tilbodet og organiseringen av reisene på dei nasjonale renna, men foreløpig så ser me at det er god oppslutning og stort sett positive tilbakemeldingar. Me vil uansett justere opplegget basert på tilbakemeldingar og gode innspel. Her oppmodar me klubbane til å engasjere seg både på vårmøtet og kome med forslag til ev endringar på vår praksis fram mot neste sesong.

5. Ungdomsstafetten

LK organiserte og foretok uttak til Ungdomsstafetten i Holmenkollen for klassane 15 og 16 år. Hordaland deltok også i år med to lag. LK stod for uttak av laga. Ungdomsstafetten fekk dekning på NRK og det kjekt å kunne følge våre utøvarar på TV. LK støttar dette arrangementet økonomisk. Utøvarane betaler ein eigenandel på 2000,- og resten dekker langrennskomiteen. Me trur Ungdomsstafetten fungerer som en stor inspirasjon for unge og lovande løparar i skikretsen. Takk til reiseleiar og støtteapparat (foreldre), som gjorde ein flott jobb med utøvarane som var på reise til Oslo!

Følgande løparar gjekk inn til henholdsvis 16 og 20 plass Ungdomsstafetten for Hordaland:

Lag 1.		Lag 2	
G16 Torjus Klette	Ørnar IL	G16 Simen Engevik	Stord IL
J16 Maria Hydle	IL Viljar	J15 Andrine Østervold	Fana IL
G15 Håvard Fosse	Voss IL	G15 Håvard Skjeldal	Bulken IL
J15 Ingrid Brattabø	Kvam LSK	J15 Helene Martinsen	Fana IL

6. Uttakskriterier

Uttakskriteriene for stafetter under junior-NM, Hovedlandsrennet og Ungdomsstafetten ble videreført. De ser ut til å fungere bra, men det har vært utfordringer rundt tidspunkt for uttak(seint uttak) og at uttakskomiteene er bredt nok sammensatt og dermed gjennomfører mest mulig nøytrale vurderinger i uttak(uhilda).

7. Skipolitisk dokument

Komiteen jobba med dette dokumentet i langrennskomiteen fram mot ferdig handlingsplan for skikretsen. Her er det beskrevet prioriteringane til langrenn gjennom dei 2 åra som handlingsplanen gjeld. Langrennskomiteen ønsker å prioritere å få gjennomført tiltaka som er beskrevet i handlingsplanen fram mot neste kretsting i 2019.

8. Informasjon

Hordaland skikrets si heimeside og facebookside med link til sakene på heimesida er viktigaste informasjonskanalane. Reiseleiarane på årets nasjonale renn for junior og på hovudlandsrenn/ungdomsstafett har også nytta facebook som informasjonskanal på kvart arrangement med oppretting av grupper. Her har det vore kommunikasjon av informasjon fram mot og undervegs på arrangement. Det har vore eit godt initiativ frå reiseleiarane og har fungert godt for fordeling av oppgåver og informasjon til utøvarane. Dette vil langrennskomiteen anbefale i fortsettinga også. Langrennskomiteen og administrasjonen nyttar også i stor grad epost til informasjon og oppdateringar rundt påmelding og anna informasjon rundt arrangement som treningssamlingar og renn.

9. Økonomi

Langrenn er den avdelingen i skikretsen som har høgast omsetning. I 2017 var omsetninga til langrenn 1270000,- Det vart i 2017 eit minus på 30000,- på langrenn dette året. Det er ønskeleg med eit nullresultat, men på bakgrunn av omsetnadstala og at skikretsen ikkje har overføring av midlar frå administrasjon til avdelingar, så er økonomien i langrenn forsvarleg for skikretsen. Skikretsen gjekk totalt med eit plussresultat på ca 100000,- i 2017. Mest av dette i administrasjonsavdelingen med 152000,- Her ligg det både momskompensasjon på ca 5% av totalomsetninga på 2200000 og andre overføringar mynta på aktivitet. Med tanke på generering av inntekter, spesielt med tanke på momskompensasjon, så vil det vere naturleg at noko av plussresultatet vert tilgodesett gjennom langrenn sitt budsjett.

Korleis ein skal fordele inntektene og budsjettere i framtida er opp til styret i skikretsen å avgjere.

10. Team Veidekke Vest

Hordaland Skikrets er medeigar i regionlaget Team Veidekke Vest i lag med Agder og Rogaland Skikrets, Sogn og Fjordane Skikrins og Norges Skiforbund. I tillegg til eit stort bidrag fra NSF, har det i dag sponsormidler for 200.000 kroner. Team Veidekke Vest skal vere ein sjølvstendig driftsenhet, og skal ikkje i noko særleg grad gå på bekostning av drifta til langrenn for øvrig. Langrennskomiteen bidrar med egenandel på kr 10000,- for kvar løpar fra Hordaland.

For Hordaland skikrets var disse utøverne med i sesongen 2016-17:

Nils Magnus Bøen Grave	Il Korlevoll- Odda
Gaute Kvåle	Røldal il
Vebjørn Turtveit	Voss il
Karoline Simpson Larsen	Vargar IL

Målet er at laget skal være en ressurs og inspirasjon for både løpere og trenere i Hordaland Skikrets.

11. Kretslag

Langrennskomiteen i Hordaland Skikrets er stolt over at me har hatt ein sesong med vårt eige kretslag. Dette har ikkje Skikretsen hatt på mange år. Det har vore arbeida godt både blandt friviljuge, støttespelarar og utøvarar for å kunne etablere dette. I tillegg så har idrettslaga vore velviljuge i samband med treningssamlingar og gjort at laget har kunnet tilby ein god samlingsplan med bla overnatting på Korlebu, Bergsdalen og Voss ski og tursenter med gode prisar på overnatting og god hjelp undervegs på samlingane.

Laget har blitt trent av Emil Hosøy, medan Bernt Rusten har vore med på enkelte samlingar. Dette har fungert veldig bra og utøvarane er fornøgde med tilbudet dei har fått gjennom skikretsen.

Under konkurransesesongen har Bernt Flesland vore fast smørjesjef og Øivind Aasheim har vore med på mange av dei nasjonale renna. Dette har fungert veldig bra. I tillegg har støtteapparatet bestått av fleire frå klubbane som har gjort ein viktig og god jobb for laget.

Når det gjeld det økonomiske rundt drift, så har me hatt uvurderleg støtte frå sponsorar som har bidrege til at dette har vorte eit godt tilbud til våre unge satsande. Desse har vore: Axer eiendom som hovudsponsor, Bjørgum mekaniske(sponsor), Brekkestranda fjordhotel(sponsor), Endeve sport(samarbeidspartner) og Bergsdalstunet(samarbeidspartner). Laget har gjennom sponsorinntekter, løparandelar (10000,-) og eit godt samarbeid med klubbane i skikretsen og nøktern og god økonomistyring kunne tilbudd eit godt innhald innanfor vårt budsjett for laget for sesongen 2017-18.

Deltakarane på årets lag var:

Kriatian Skjeldal Bulken IL	Krister Thuen Nilsen TIF Viking
Skjalg Espeland Jondal IL	Eirik Aastvedt Osterøy IL
Kasper Rønning Komnes Fana IL	Øystein Halldorsson IL Korlevoll Odda
Erling Fagerbakke Fosse Voss IL	Sondre Tysseland Samanger IL
Hans Inge Klette Viljar IL	Daniel May Instanes Fana IL
Einar Moxnes TIF Viking	Erlend Nysæter Fana IL
Petter Thuen Nilsen TIF Viking	

12. Utmerkelse

Jubileumspokalen:

Anders Mjelde og Anniken Ravnå fra Bulken fikk jubileumspokal fordi ho satsar hardt på idretten og er ein god rollemodell for andre. Anders Brakvatnet Mjelde fekk pokalen for sin pliktoppfylgjande deltaking, gode innsats og for å vere ein god lagkamerat.

Årets utøvar:

Årets utøvar i Hordaland skikrets vart langrennsløparen Gaute Kvåle frå Røldal. Denne fekk han for sine gode prestasjonar i U-23 VM med bla ein 5. plass. Han er deltakar på vårt regionlag Team Veidekke Vest.

13. Resultater

Hordaland har hatt mange gode resultater nasjonalt og internasjonalt i sesongen 2016 - 2017. Her er en oversikt over alle topp 30-plasseringer:

Resultat hordalandsløparar sesongen 2017/ 2018

Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad
Sjur Røthe	WC	22	15 km klassisk	Davos
		17	15 km klassisk	Toblach
		12	30 km duathlon	Toblach
				Obersdorf
		18	15km klassisk	
		10	15 klassisk	Falun
		8	30 kilometer	Falun
	7	jaktstart	Falun	
	NM del 2	1	10 km klassisk	Alta

		1	50km skøyting	Alta
Nils Magnus Bøen Grave	NC	17	Klassisk sprint	Gålå
		4	15km klassisk	Gålå
	NM	25	sprint	Vang
		29	15km fri	Vang
	NM del 2	25	10 km klassisk	Alta
	Skandinavisk cup	7	Sprint	Voukatti

Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad
Gaute Kvåle Røldal IL	NM	22	15km skøyting	Vang
	Norgescup	5	15km fri	Gålå
		17	30km klassisk	Åsen
		11	15 km fri	Åsen
	Skandinavisk cup	13	15km fri	Voukatti
		17	15km klassisk	Voukatti
		5	15km fri	Piteaa
		25	30 km klassisk	Pietaa
		13	30 km duathlon	Trondheim
Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad

Vebjørn Turtveit Voss IL	Norgescup	20	Sprint klassisk	Gålå
		9	15km fri	Gålå
		19	15 km klassisk	Gålå
		12	Sprint fri	Åsen
		16	30 km klassisk	Åsen
		23	15 km fri	Åsen
	NM	11	15km skøyting	Vang
		23	30 km duatholon	Vang
	NM del 2	8	50 km fri	Alta
	Skandinavisk cup	22	15 km fri	Voukatti
		24	sprint	Voukatti
		13	15 km klassisk	Voukatti
		18	15 km fri	Pietaa
		6	sprint	Trondheim
		17	10 km klassisk	Trondheim
Namn	Renn/ kategori	plass	Distanse	Stad
Sturla Lie TIF VIKING	NM del 2	22	50 km fri	Alta
Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
Einar Moxnes TIF Viking	Scandinavisk cup	23	Sprint fri	Voukatti
	Norgescup	30	Sprint klassisk	Gålå
Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
Karoline Simpson Larsen Vargar IL	Norgescup	14	10 km fri	Gålå
		20	10 km klassisk	Gålå
		30	Sprint fri	Åsen
		17	20 km klassisk	Åsen
		11	10 km fri	Åsen
	NM	26	10 km fri	Vang
		25	5 km klassisk	Alta
	NM del 2	25	30 km fri	Alta

Resultater junior

Namn	Renn/Kategori	Plass	Distanse	Stad
Kristian Skjeldal Bulken IL	Norgescup	29	10km klassisk	Beitostølen
		21	15 km fri	Beitostølen
		15	10km fristil	Holmenkollen
		21	15km klassisk	Holmenkollen
		21	10 +10km	Alta
	JR NM	9	20km klassisk	Steinkjær
		10	10km fri	Steinkjær
Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
Kasper Rønning Komnes Fana IL	Norgescup	24	sprint	Beitostølen
		23	15km fri	Beitostølen
		26	10 km fri	Holmenkollen
Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
Skjalg Espeland Jondal IL	JR NM sprint	24	Sprint klassisk	Holmenkollen
Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
Olve Ure Voss IL	Norgescup	24	10 km fri	Beitostølen
	JR NM	29	15km klassisk	Steinkjær
		29	10 km fri	Steinkjær
Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
Stian Gjøstein Viljar IL	NM sprint	30	Sprint klassisk	Holmenkollen
Sindre Hydle Viljar IL	JR NM	22	15 km klassisk	Steinkjær
		28	10 km fri	Steinkjær
Namn	Renn/kategori	Plass	Distanse	Stad
Jonathan Gjerstad Skjerping Osterøy IL	Norgescup	13	sprint	Beitostølen
		11	NM Sprint	Holmenkollen

Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad
Torjus Refsnes Osterøy IL	Norgescuo	3	sprint	Beitostølen
		30	NM sprint	Holmenkollen

Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad	
Elias Mostraum Osterøy IL	Norgescup	21	10 km klassisk	Beitostølen	
Stian Klette Viljar IL	Norgescup	30	10 km fri	Holmenkollen	
	JR NM	20	10 km klassisk	Steinkjer	
Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad	
Fredrik Galaaen Røthe	JR NM	25	10 km fri	Steinkjer	
Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad	
Emma Skjoldli Bulken IL	Norgescup	20	5 km klassisk	Beitostølen	
		16	Sprint	Beitostølen	
		21	5 km fri	Holmenkollen	
		8	NM sprint	Holmenkollen	
		19	10 km klassisk	Holmenkollen	
		JR NM	9	5 km fri	Steinkjer
		Finale	21	5+5km	Alta
Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad	
Eivor Vesterheim Skjerven Bulken IL	Norgescup	10	5 km klassisk	Beitostølen	
		5	Sprint	Beitostølen	
		7	10 km fri	Beitostølen	
		10	5 km fri	Holmenkollen	
		30	NM sprint	Holmenkollen	

		14	10 km klassisk	Holmenkollen
		12	5 km fri	Steinkjer
	JR NM	10	5 km klassisk	Steinkjer
	Finake	9	5+5 km	Alta
Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad
Anniken Ravnå TIF Viking	Norgescup	12	Sprint fri	Beitostølen
Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad
Mari Fareth Aas Voss IL	Norgescup	3	5 km klassisk	Beitostølen
		9	5 km fri	Beitostølen
		22	5 km fri	Holmenkollen
		6	7.5 km klassisk	Holmenkollen
	JR NM	17	7.5 klassisk	Steinkjer
		24	5 km fri	Steinkjer
	Finale	10	3.5+3.5km	Alta

G 16 distanse klassisk/ sprint fri

Namn	Renn/ kategori	plass	Distanse	Stad
Bård Olav Steinsland Medhus Røldal IL	Hovudlandsrennet	23	7.5km klassisk	Lygna
Torjus Klette Ørnar IL	Hovudlandsrennet	26	Sprint fri	Lygna

Namn	Renn/ kategori	plass	Distanse	Stad
Maria Hydle Viljar IL	Hovudlandsrenn	24	sprint	Lygna

Nasjonale stafettar

JR NM Steinkjer

Kvinner

NR 16 *Hordaland 1*

NR 43 *Hordaland 2*

Menn

NR 14 *Hordaland 1*

NR 60 *Hordaland 2*

NR 91 *Hordaland 3*

Hovudlandsrennet

Jenter

NR 26 *Hordaland 1*

NR 70 *Hordaland 2*

Gutar

NR 26 *Hordaland 1*

NR 38 *Hordaland 2*

NR 47 *Hordaland 3*

NR 88 *Hordland 4*

NR 109 *Hordaland 5*

NR 121 *Hordaland 6*

ÅRSMELDING LANGRENNSKOMITEEN

SESONG 2018/2019

Langrennskomiteen har hatt følgende sammensetning siden juni 2017:

- Trond Slethaug, Fana IL (leder) – valgt for 2 år i 2017
- Harald Tveito, Voss IL (styremedlem) – valgt for 2 år i 2016
- Emil Hosøy, Osterøy IL (ungdomsrepresentant) – valgt for 2 år i 2016
- Tina Bay, IL Korlevoll-Odda (styremedlem) – valgt for 2 år i 2017
- Trond Lefdal, Fana IL (styremedlem) – valgt for 2 år i 2017

14. Komitearbeid

Komiteen har hatt 4 møter sidan vårmøte i 2018. Ellers har vi hatt korrespondanse på e-mail og telefonkonferanse for uttak til ungdomsstafetten. Harald Tveito har LK sin rolle i styringsgruppa i Team Veidekke Vest.

Leder er med i styret i skikretsen og har deltatt på styremøtene i skikretsen.

15. Kurs og Samlinger

Kurs

- Trener I kurs høsten 2018. 14 deltagere.
- Grasrottrenerkurs Bergen 2018 med 13 deltakarar.
- TD- og arrangørkurs Samnanger. 15 deltagere.
- Inspirasjonsskurs Bulken m/Marianne Myklebust. 11 deltagere.

Kretssamlinger

- Kretssamling Osterøy 15-19 år
- Sumarcamp Jondal 12 – 15 år – juni
- Stordsamling 13-15 år – september. Avlyst pga kolliderende tilbud.
- Haustcamp Voss 11-15 år - september
- Jentesamling på Fanahytten i oktober.

Eldre junior/senior med eget samlingsopplegg. Sjå kretslag.

16. Kretscup/skirenn

Kretscupen vart gjennomført for sjuande gong på rad. Det har vore ustabil snøvinter, men dei fleste renna vart gjennomført med unntak av Jularennen og Herresåsen rundt. Årets finale var Vestlandske skistemna. Det var litt nedgang på deltaking under årets arrangement og spesielt utover og mot slutten av rennsesongen.

Voss sparebank var samarbeidspartner for årets kretscup. Det er svært gledeleg at dette tiltaket får støtte til å lage ein god cup med premiering. Det er viktig med gode samarbeidspartnarar for å kunne tilby meir aktivitet for barn og ungdom i skikretsen.

Resultat frå årets kretscup finn de på heimesida til Hordaland Skikrets:

<https://www.skiforbundet.no/hordaland/aktuelle-saker/2019/3/vestlandske-skistemna-med-finale/>

17. Nasjonale renn

Langrennskomiteen har gjennomført same organisering rundt dei nasjonale renna, som dei siste åra.

Me opplever at det er lettare å organisere dei nasjonale renna for junior og hovudlandsrenn, sidan det er fleire å fordele oppgåver og utgifter på. Det gjer at det vert betre utnytting av ressursane. I seniorsamanheng har me ei mindre gruppe og ved fråfall vert det kostbart å oppretthalde planlagt støtteapparat. Me har difor i inneverande år etablert eit samarbeid med både Sogn og fjordane skikrins og Møre og Romsdal skikrets for å utnytte ressursane og dele på utgifter med smørebod, smørjarar, støtteapparat og reiseutgifter.

18. Ungdomsstafetten

LK organiserte og foretok uttak til Ungdomsstafetten i Holmenkollen for klassane 15 og 16 år. Hordaland deltok også i år med to lag. Ungdomsstafetten får dekning på NRK og det er kjekt å kunne følge våre utøvarar der. LK støttar dette arrangementet økonomisk. Utøvarane betaler ein eigenandel på 2000,- og resten dekker langrennskomiteen. Støtteapparatet bestod av 4 vaksne som reiste med tog i lag med utøvarane. Me trur Ungdomsstafetten fungerer som en stor inspirasjon for unge og lovande løparar i skikretsen. Takk til reiseleiar og støtteapparat (foreldre), som gjorde ein flott jobb med utøvarane som var på reise til Oslo! Sjå eigen sak: <https://www.skiforbundet.no/hordaland/aktuelle-saker/2019/3/kong-haralds-ungdomsstafett-i-holmenkollen/>

Følgande løparar gjekk inn til henholdsvis 17 og 23 plass i Kong Haralds ungdomsstafett:

Lag 1.		Lag 2	
G16 Kolbein O. Klette	IL Viljar	G16 Jonas Hauger	Kvam LSK
J16 Ingrid Brattabø	Osterøy IL	J16 Åsine Skattum	Ørnar IL
G15 Sondre Myking	Osterøy IL	G15 Marius Flatebø	Vargar IL
J15 Amalie Galaaen Røthe	Voss IL	J15 Marie Mostrau	Osterøy IL

19. Uttakskriterier

Uttakskriteriene for stafettar under junior-NM, Hovudlandsrennet og Ungdomsstafetten er vidareført. Dette ser ut til å fungere bra, men det er viktig at intensjonen med uttakskriteriane vert fulgt når ein utnemner uttakskomiteen. Det vil seie at ein søker å få ein mest muleg objektiv uttakskomite med klare prioriteringar ut i frå kva kriteriar ein skal følge. Difor er det viktig at uttakskomiteane er breidt nok samansatt mtp klubb og region.

20. Skipolitisk dokument

Komiteen har prioritert sine mål for komande periode gjennom handlingsplanen. Langrennskomiteen ynskjer å prioritere tiltaka som er beskrevet i handlingsplanen fram mot neste kretsting i 2021.

21. Informasjon

Hordaland skikrets si heimeside og facebookside med link til sakene på heimesida er viktigaste informasjonskanalane. Reiseleiarane på nasjonale renn for junior og på hovudlandsrenn/ungdomsstafett har også i år nytta facebook som informasjonskanal på kvart arrangement med oppretting av grupper. Her har det vore kommunikasjon av informasjon fram mot og undervegs på arrangement. Det har fungert bra også i år, og bør leggast inn i ein rutine for reiseleiar. Fjorårets haustmøte på Voss Langrennskomiteen og administrasjonen nyttar også i stor grad epost til informasjon og oppdateringar rundt påmelding og anna informasjon rundt arrangement som treningssamlingar og renn.

22. Økonomi

Langrenn er den avdelingen i skikretsen som har høgast omsetning. I 2018 var omsetninga til langrenn 1.536 943,- Det vart eit plussresultat på 6 217,- Etter fjorårets minusresultat er det gledeleg at me har ein balanse i avdelingen sine utgifter og inntekter. Sidan skikretsen ikkje praktiserer noko tilskot til skigreinene utanom deltakaravgiftene på kretsrenna, så er det eit godt år økonomisk sett for langrennskomiteen. Langrennskomiteen har gjennom høg aktivitet også generert eit godt grunnlag for skikretsen si momskompensasjon, basert på omsetnad totalt sett i skikretsen.

Av kostnader så er det på følgande me brukar midlar:

- Kretslaget i langrenn
- Eigenandelar Team veidekke vest
- Bidrag til Kong Haralds ungdomsstafett
- Oppfølging nasjonale seniorrenn
- Møte og kursvirksomhet

23. Team Veidekke Vest

Hordaland Skikrets er medeigar i regionlaget Team Veidekke Vest i lag med Agder og Rogaland Skikrets, Sogn og Fjordane Skikrins og Norges Skiforbund. Det finansielle bidraget har denne sesongen i stor grad vore knyta til bidrag fra NSF, med eit godt organisert lokalt sponsorlag som samla inn ca 100000,- Team Veidekke Vest er ein sjølvstendig driftseining, men ansvaret for laget økonomisk kviler på eigarkretsane. Det er difor viktig at drifta av dette laget er solid mtp å ikkje belasta eigarskikretsane med unødig kostnader utover det gode bidraget skikretsen dekker med kr 10000,- per utøvar for deltakarane som kjem frå eigarkretsane til kvar enkelt utøvar.

For Hordaland skikrets var desse utøverne med i sesongen 2018-19:

Gaute Kvåle	Røldal il
Vebjørn Turtveit	Voss il
Karoline Simpson Larsen	Vargar IL

Målet er at laget skal være en ressurs og inspirasjon for både løpere og trenere i Hordaland Skikrets.

24. Kretslag

Langrennskomiteen sitt kretslag i langrenn vart vidareført i sesongen 2018-19. Etter eit oppstartsår med god drift og god økonomisk støtte. For sesongen vart det i år litt lavare sponsorinntekter enn føregåande år. Dette gjorde at samlingsplanen var litt mindre omfattande. Det vart allikevel eit godt tilbod til utøvarane som var med. Laget fekk god drahjelp frå velvillige sponsorar, som gjorde at me kunne tilby både løna trenar og eit godt samlingsopplegg. Recover var hovudsponsor i lag med Mølster installasjon som sponsor. Bergsdalstunet stilte med mat og god service under vår samling i Bergsdalen. BKK støtta kretslaget økonomisk gjennom si støtteordning «sosial energi» Med overnatting på Korlebu og, Bergsdalen ungdomslag si hytte, så har me hatt gode samlingsplassar til ein rimelegare kostnad, enn om me skulle hatt alle samlingane på kommersielle overnattingsstadar. Dette er vesentleg og inspirerande drahjelp å få i samband med gjennomføring av samlingsplan.

Laget har blitt trent av Emil Hosøy, medan Bernt Rusten og Eivind Blindheim også har vore med på enkelte samlingar og renn.

Under konkurransesesongen har Bernt Flesland og Øivind Aasheim vore faste smørjesjefar på dei fleste nasjonale renn. Dei har vore stabiliteten i tilbodet under konkurransesesongen, gjennom arbeidet dei har gjort for at utøvarane skal ha gode ski og oppfølging på renn. I tillegg har støtteapparatet bestått av fleire frå klubbane som har gjort ein viktig og god jobb for laget undervegs.

Med på ei oppsummering av årets sesong så må det nemnast at det har vore til dels store sjukdoms/ skadefråfall gjennom sesongen. Det har vore leit og har gjort at me ikkje har fått så mange av løparane på skirenn som me skulle ønska. Det får me håpe at me er heldigare med i fortsettinga.

Av resultat så nemner me spesielt Eivor Vestrheim Skjerven med 2. plass i NC på Åsen. Kristian Skjeldal hadde og ein flott sesongstart i seniorklassen, men sjukdom gjorde at sesongen vart amputert. Ellers har det vore god framgang på mange, som har hatt fine klatringar på resultatlista i sesongen 2018-19.

Deltakarane på årets lag var:

Kristian Skjeldal Bulken IL

Tore Akerli Voss IL

Skjalg Espeland Jondal IL

Anders Brakvatnet Mjelde Osterøy IL

Erling Fagerbakke Fosse Voss IL

Julie Øvretveit Nordhordland skiklubb

Anniken Ravnå Tif Viking

Ingmar Leigland Njaa Kvam LSK

Eivor Vestrheim Skjerven Bulken IL

Eirik Aastvedt Osterøy IL

Emma Skjoldli Bulken IL

Øystein Halldorsson IL Korlevoll Odda

25. Resultater

Hordaland har hatt mange gode resultater nasjonalt og internasjonalt i sesongen 2018 - 2019. Høgdepunktet er sjølvsagt **Sjur Røthe** sin siger i Verdsmeisterskapet på 30 km skiathlon. Med dette vart han den første individuelle verdsmeisteren frå hordaland nokonsinne.

Verdt å nemne spesielt er også to utøvarar på regionlaget Team Veidekke Vest.

Vebjørn Turveit, Voss IL, tok ein 9. plass i verdscupen individuelt denne sesongen. Han hadde også mange gode resultat i nasjonal samanheng, som gjorde denne sesongen til gjennombrøt.

Gaute Kvåle, Røldal IL, hadde også fleire toppresultat i NM – samanheng, med 8. plass på NM 50 km, som beste resultat.

Her er en oversikt over alle topp 30-plasseringer:

Resultat hordalandsløparar sesongen 2018/ 2019

Resultat hordalandsløparar sesongen 2018/2019

Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad
Sjur Røthe	WC	14	15 km klassisk	Ruka
		1	15 km fri	Lillehammer
		2	15 km klassisk	Lillehammer
				Obersdorf
		4	15km klassisk	
		4	15 fri	Falun
		10	15 km fri	Quebec
		5	15 km klassisk	Quebec
		4	Tour de ski sammenlagt	
	VM Seefeld	1	30 km skiathlon	Seefeld
		1	Stafett	seefeld

		3	50 km fri	Seefeld	
		7	15 km klassisk	Seefeld	
Vebjørn Turtveit	NC	1	15 fri	Gålå	
		8	Sprint fri	Gålå	
		2	15km klassisk	Gålå	
	NM	27	Skiathlon	Meråker	
		5	15km klassisk	Meråker	
	NM del	12	10 km fri	Lygna	
		14	50 km klassisk	Lygna	
		33	Sprint	Lillehammer	
	World cup		17	50 km klassisk	Holmenkollen
			40	15 km fri	Lillehammer
		50	15 km klassisk	Lillehammer	
		27	30 km fri	Beitostølen	

--

40	15 km fri	Davos
9	15 klassisk	Cogne

Namn	RennKategori	Plass	Distanse	Stad	
Gaute Kvåle Røldal IL	NM	29	15km klassisk	Meråker	
		9	30 km skiathlon	Meråker	
	NM del 2	10	50 km klassisk	Lygna	
		8	10 km fri	Lygna	
	Norgescup	27	15km fri	Gålå	
		14	15 km klassisk	Gålå	
		9	15 km fri	Nes	
		10	10 km klassisk	Nes	
		8	10 km fri	Hommelvik	
		13	15km klassisk	Hommelvik	
		8	15km klassisk	Harstad	
		4	30km fri	Harstad	
	Skandinavisk cup	6	15km fri	Østersund	
		15	15 km klassisk	Voukatti	
		9	30 km fri	Voukatti	
		8	10km klassisk	Madona	
		4	15km fri	Madona	
	Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
	Einar Moxnes TIF Viking	Scandinavisk cup	28	Sprint fri	Madona
		Norgescup	24	Sprint fri	Gålå
15			Sprint fri	Nes	

	NM	25	Sprint fri	Meråker
Namn	Renn/ kategori	Plass	Distanse	Stad
